



Canadagåsa er den største gåsa i Europa. (Foto frå Wikipedia)

**Hans Reidar Kjærland har fått munnleg løyve av viltforvaltar Leiv Trygve Varanes i kommunen til å foreta avskyting i ein flokk Canadagås som har slege seg ned på eigedommen Leite, som han eig.**

Ein gåseflokk som har variert mellom 10 og 15 eksemplar har halde til der over lengre tid. Den har funne seg svært så godt til rette og då på begge sider av Uskedalselva.

- Canadagås er ein pest og plage for ein gardbrukar, den er verre enn hjorten, seier Kjærland til uskedalen.no. Gåsa gjer stor skade på enga og legg att store mengder møkk overalt.

- Møkka vil øydeleggja avlinga i år dersom vi ikkje kjem i gong med avskyting omgåande, skriv Kjærland til Varanes. Han varslar at han i samsvar med løyvet startar omgåande avskyting og at den skal vera avslutta innan utgangen av april slik som avtalt.

Hekkesesongen startar truleg rundt 1. mai og då blir det enda vanskelegare å bli kvitt gåsa, held Kjærland fram.

Kjærland kjenner ikkje til at det har vore Canadagås i Uskedalen tidlegare men veit at den har vore observert fleire stader i kommunen og gjort stor skade. Til dømes har det vore Canadagås på Husnes.

Han har enno ikkje starta avskytinga.

Også på Fjelberg er dei plaga av Canadagås og Johannes Solheim har etter søknad fått løyve til å felle inntil 10 eksemplar mellom 10. april og 15. mai. I løyvebrevet blir det streka under at slik skadefelling berre skal vera eit unnatak og at jakta i hovudsak må skje i den ordinære jakttida frå 10. august til og med 23. desember, Det må stimulerast til å redusera talet på fugl i denne tida, heiter det i brevet frå Varanes til Solheim.

Canadagåsa er Europas største gås med ei lengde på opptil 90-100 centimeter. Som namnet fortel kjem ho opprinneleg frå Canada men vart innført til Europa på byrjinga av 1900-talet og sett ut her, spesielt i dei nordiske landa. I Noreg er dei største bestandane i Trøndelag, Nordmøre, Austlandet og Hordaland.

Bestanden her i landet har auka mykje sidan rundt 1970 og i 2006 var den antatt å vera på 1.500-2.000 hekkande par pluss ein del fugl som ikkje hekka.

Av Ola Matti Mathisen

